



Klima- Og Miljødepartementet
Postboks 8013 DEP
0030 Oslo

Deres ref:	Deres dato:	Vår ref.	Vår saksbehandler	Dato
25/932		25/8452 - 4	Sbr_Navn - 712 80 239	28.05.2025

Høring om forslag til tiltaksplanar etter kvalitetsnormen for villrein i Knutshø, Snøhetta og Rondane villreinområde

Fylkesutvalet har i møte 26.05.2025 fatta følgende vedtak i sak 45/25:

Vedtak:

Fylkesutvalet støttar punkta under Vurdering i saksframlegget, dette er fylkeskommunen sine innspel til tiltaksplanen.

Med hilsen

Synnøve Valle
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
24.03.2025 25/8452- 2 Synnøve Valle

Saksnr.	Utval	Møtedato
45/25	Fylkesutvalet	26.05.2025

Høyring om forslag til tiltaksplanar etter kvalitetsnormen for villrein i Knutshø, Snøhetta og Rondane villreinområde

Fylkesutvalet 26.05.2025 - sak 45/25

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Vedtak:

Fylkesutvalet støttar punkta under Vurdering i saksframlegget, dette er fylkeskommunen sine innspel til tiltaksplanen.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkesutvalet støttar punkta under Vurdering i saksframlegget, dette er fylkeskommunen sine innspel til tiltaksplanen.

Bakgrunn

Noreg har over 90 prosent av bestandane av vill fjellrein som er igjen i Europa. Villrein er ein ansvarsart for Noreg og vi har eit stort ansvar for å ta vare på arten og leveområda. Vi har mykje kunnskap om kva som påverkar villreinen negativt, blant anna naturinngrep og menneskeleg ferdsel. Det er gjort mykje for å ta vare på villreinen, for eksempel oppretting av verneområde der villrein er del av verneformålet, etableringa av norsk villreinsenter og vedtak av regionale villreinplanar i tillegg til ei rad lokale tiltak i regi av kommunar og organisasjonar. Dette har ikkje vore tilstrekkeleg for å snu den negative utviklinga.

Fylkeskommunen er regional planmynde og har eit overordna ansvar for dei regionale planane for villrein og oppfølginga av desse. Planane skal sørge for ei heilskapleg og langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern i dei områda som er spesielt viktig for villreinen i Noreg. I Møre og Romsdal har vi delansvar for to regionale delplanar: Regional delplan for Ottadalsområdet og Regional delplan for Dovrefjellsområdet.

I 2022 fekk seks av ti nasjonalt villreinområde raudt lys etter kvalitetsnormen for villrein som fastset grenseverdiar for god (grøn), middels (gult) og dårleg (raudt) kvalitet for villrein. Snøhettaområdet vart klassifisert som raudt område, medan Reinheimen vart klassifisert som gult område.

I 2024 kom stortingsmeldinga for villrein – Meld. St. 18 (2023-2024) Ein forbetra tilstand for villrein. Målet er at den negative utviklinga i alle 24 villreinområda skal stoppast innan 2030, at det innan 2050 skal vere minimum middels kvalitet for alle villreinområda, og innan 2100 er målet god kvalitet for alle nasjonale villreinområda. Stortinget vedtok her fem strategiske område for villreinen:

- Heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet
- Auka tilrettelegging av villreinvennleg ferdsel
- Betre villreinhelse
- Meir berekraftig bestandsforvaltning av villrein
- Målretta restaurering av leveområda til villreinen

Dei konkrete tiltaka for å betre tilstanden i kvart enkelt villreinområde skal komme gjennom lokale tiltaksplanar og no ligg tiltaksplanane for Rondane, Snøhetta og Knutshø ute på høyring.

Forslaga til tiltaksplanar er i seg sjølv ikkje juridisk bindande dokument. Alle tiltaka føreset for eksempel at aktørar som kommunane eller fylkeskommunane frivillig slutter seg til gjennomføringa. Det betyr at aktørane sjølv bestemmer om dei ønsker å bidra med tiltak og

vere ein del av tiltaksplanen. Tiltaksplanane pålegg ikkje kommunen eller fylkeskommunen nye oppgåver.

Mange tiltak må følgast opp gjennom ordinære prosessar etter sektorregelverk, f.eks. gjennom prosessar etter plan- og bygningslova eller for å fastsette lokale forskrifter etter friluftslova.

Somme av tiltaka er allereie igangsett eller i prosess, andre tiltak kan gjennomførast innanfor dagens lovverk og med avgrensa økonomiske kostnader, mens andre tiltak krev regelverksendringar, enkeltvedtak, privatrettslege avtalar eller ytterlegare prosess, utgreiing, detaljering og planlegging før dei kan gjennomførast.

Tiltaksplanane legg opp til kommunal planvask som eit sentralt verkemiddel for å oppnå ei meir restriktiv og heilskapleg arealforvaltning i villreinområda.

Klima- og miljødepartementet (KLD) har gjennomført involvering av lokalbefolkning, berørte kommunar, fylkeskommunar, interesseorganisasjonar og andre aktørar. Det er arrangert opne folkemøte i kvart villreinområde. Fylkeskommunen har sendt inn skriftleg innspel og har delteke på dialogmøte.

Tiltaksplanen for Snøhetta inneheld følgjande tiltakspakkar:

1. Ein meir heilskapleg og restriktiv arealplanlegging og arealforvaltning
2. a. Gjenopprette eit funksjonelt trekk mellom Snøhetta aust og vest – nord for Aursjøen
b. Gjenopprette eit funksjonelt trekk mellom Snøhetta aust og vest – sør for Aursjøen
3. Oppretthalde og betre villreinens trekkmoglegheiter aust for Snøhetta-massivet
4. a. Snøhetta vest – oppretthalde og betre villreinens trekkmoglegheiter inne i Snøhetta vest villreinområde
b. Snøhetta vest – ivareta urørte område og trekkpassasjar som villreinen brukar i dag
5. Bestandsforvaltning
6. Redusere negativ påverknad på villreinen
7. Evaluering, oppfølgjing og revidering av tiltaksplanen

I alt omfattar tiltaksplanen for Snøhetta 53 ulike tiltak fordelt på dei ulike tiltakspakkane. Tiltaksplanforslaga inneheld både overordna og svært detaljerte tiltak, der ansvarleg for gjennomføring varierer mellom nasjonale, regionale og lokale styresmakter og privat og frivillig sektor.

Alle dei tre kommunane i Møre og Romsdal som grensar til området, Sunndal, Rauma og Molde, har gitt eller skal gi uttale til tiltaksplanen. Kommunane stiller seg positive til at det må

forpliktande tiltak til for å sikre villreinen si framtid. Dette har også vore kommunisert i dialogmøta i forkant av tiltaksplanen.

Sunndal kommune vedtok uttale i kommunestyret 30.04.25. I vedtaket viser ein til at kommunen er overraska og skuffa over at alle 53 tiltaka for Snøhetta villreinområde er frivillige å innføre for blant anna vegeigarar, grunneigarar, kommunar og DNT. "Vi opplever at KLD hensyntar DNT og andre eksterne brukere i større grad enn lokale og interne brukere. Frivillighet er problematisk av flere årsaker da ansvaret legges på kommunene, både for gjennomføring, men også økonomisk. Sunndal kommune vil påpeke viktigheten av at KLD tar ansvar", heiter det i uttalen. Dei støttar intensjonane i tiltakspakke 1, 3, 4a, 4b, 5,6 og 7.

Vedtaket frå Molde kommune vil sannsynlegvis vere klart til møtet i fylkesutvalet.

Rauma kommune stiller i eit vedtak frå formannskapet 07.05.25 seg positiv til den foreslåtte tiltaksplanen for Snøhetta villreinområde. I vedtaket heiter det at trafikken på Sandgrovbotnvegen må avgrensast, men at nokre grupper bør kunne køyre inn i området etter nærmare reglar: rettighetshavarar, innanbygdsbuande og verksemdar som driv med utmarksbasert næring.

Vurdering

Møre og Romsdal fylkeskommune har innleiingsvis følgande generelle kommentarar:

- Villreinen i Noreg er siste rest av opprinneleg villrein i Europa og er svært viktig forvaltningsmessig både nasjonalt og internasjonalt. Den er i ein kritisk situasjon og er i ein negativ trend i bestandsutvikling. Hovudårsaken er fragmentering av leveområde og anna menneskeleg påverknig. Fylkeskommunen meiner det derfor er svært viktig å setje inn tiltak. Stortingsmeldinga og behandlinga i Stortinget har gitt eit tydeleg mandat om å iverksette tiltaksplaner som skal snu den negative utviklinga.
- Tiltaka i forslaget er ikkje tiltreккеlege for å oppfylle mål som er sett for Snøhettareinen om at middels kvalitet skal oppfyllast snarast mogleg, på lengre sikt god kvalitet og at den negative utviklinga skal stoppast innan 2030, jf. Meld. St. 18 (2023-2024).
- I tiltaksplanen er det lagt opp til at dei ulike aktørane frivillig må slutte seg til tiltaka. Dette meiner fylkeskommunen blir for lite forpliktande dersom ein skal klare å ta vare på villreinstammen og nå dei måla som er sette. Fylkeskommunen har ei klar forventning om at det vert tilført økonomiske ressursar til dei som skal gjennomføre tiltak og at det vert sett i verk tiltak frå statleg hald som har stor effekt for ivareta villreinen. Det ligg føre eit svært omfattande kunnskapsgrunnlag som grunnlag for tiltaksplanen. KLD må ta sin del av ansvaret, ta faggrunnlaget på alvor og ta inn forpliktande og effektfulle tiltak. Saman med tiltakspakka skal dette vere med på å nå dei måla som er sette for å berge

villreinen. Vi meiner det er uheldig at KLD skugar frå seg ansvar for prosessar, prioriteringar, tiltak og konflikter ned til lokalt nivå - utan at det følger med finansiering.

- Villreinen og leveområda må prioriterast høgare i arealforvaltninga. Vi viser til at kommunane i Møre og Romsdal anerkjenner utfordringane villreinen står i og stiller seg positive til å innføre avgrensingar. Fylkeskommunen vil understreke kor viktig det er at slike tiltak vert gjort i heile villreinområdet - uavhengig av fylkes- og kommunegrenser. Det er uheldig dersom slike tiltak berre vert innført i dei kommunane som tek ansvar og støttar opp om tiltak for bevare villreinen.
- Snøhettareinen er svært negativt påverka av at leveområdet og stammen praktisk talt er delt i to som følge av statlege kraftutbyggingar. Kraftutbyggingane har vidare opna opp fjellområda for hyttebygging, trafikk og ferdsel heilt inn i hjartet av villreinområdet. Dammar, vegar, hytteområde og kraftlinjer dannar effektive barrierar. Dette har resultert i trekkpassasjar som er svært sårbare for menneskeleg aktivitet, og som hindrar villreinens naturlege vandringar og bruk av viktige beite- og ressursområde gjennom året. Veststammen har vist alarmerande nedgang dei siste åra og trekka aust-vest har i stor grad stoppa opp. Tiltaksplanen må dermed innehalde effektfulle tiltak for å gjenopprette og forbetre villreintrekket mellom aust og vest. Ferdsel må avgrensast i heile villreinen sitt leveområde.
- Styrking av villreinforvaltninga: Villreinforvaltninga, inkludert villreinnemnd, villreinutval og fjellstyre, må styrkast og tilførast ressursar for å sikre god oppfølging.

I tiltaksplanen er det lista opp 53 ulike tiltak. Fylkeskommunen ønskjer å kommentere på følgjande tiltak:

- Tiltakspakke 1, tiltak 3: Revidere kommunale planar (planvask) og basere framtidig utbygging på oppdatert kunnskap og ei sterkare vektlegging av villreinomsyn. Kommunale arealplanar styrer arealbruken i villreinområda utanfor verneområda. Ved å gå gjennom eldre planar og fjerne areal som er avsett til bebyggelse, men enno ikkje bygd ut, er det mogleg å unngå ei vidare nedbygging og forringing av villreinområdet. Fylkeskommunen som planretteleiar overfor kommunane kan ha ein viktig rolle her. Kommunane kan søke om støtte til planvask.
- Tiltakspakke 1, tiltak 4: Regionale tiltak for arealforvaltninga i Snøhetta villreinområde: Fylkeskommunane har det overordna ansvaret for å utarbeide dei regionale planane for heilskapleg forvaltning av areala i villreinfjella og gjennomføre tiltak. Regjeringa har oppfordra fylkeskommunane om å revidere regional plan i samsvar med nytt kunnskapsgrunnlag for villrein, sikre god samordning på tvers av arealforvaltninga i området, vurdere behovet for bindande regionale planføresegner og tilrettelegge for samordna interkommunale kommunedelplanar. Fylkeskommunen er

positive til ei revidering på bakgrunn av nytt kunnskapsgrunnlag og vi vil drøfte dette i samband med utarbeiding av ny regional planstrategi for 2027-2031.

- Tiltakspakke 1, tiltak 8: Dialogforum for villreinforvaltning: Det vert foreslått at anten Statsforvaltaren, fylkeskommunen eller Villreinnemnda for Snøhetta og Knutshø er hovudansvarleg for å opprette og drifte eit dialogforum for villreinforvaltning. Formålet med tiltaket er å etablere ein samarbeidsarena der aktørar i villreinforvaltninga, verneområdeforvaltninga, lokale, regionale og nasjonale reiselivsaktørar (destinasjonsselskap), lokalt næringsliv, landbruksnæringa, turistforeiningar, samt berørte kommunar og fylkeskommunar, rettighetshavarar og øvrige aktørar i fjellet møtest. Fylkeskommunen ser positivt på at det er fylkeskommunane som opprettar dette dialogforumet fordi dette kan vere ein del av arbeidet med med handlingsprogrammet for den regionale planen.
- Tiltakspakke 1, tiltak 9: Kompetanseheving om villrein for kommunestyre og fylkesting: Fylkeskommunen støttar at det vert satsa på kompetanseheving til politikarar om villrein og at Statsforvaltarane og fylkeskommunane saman får dette ansvaret.
- Tiltakspakke 2a og 2b, tiltaka 10-18: Desse tiltaka omhandlar i hovudsak tiltak for å gjenopprette trekk mellom villreinområde og betre tilstanden til villreinen fram mot 2025. For villreinstammen i Snøhettaområdet er det avgjerande at det vert lagt til rette for eit funksjonelt trekk mellom aust og vest. Det er dokumentert dårlege kalveveker hos reinen i det austlege området og mykje av årsaken til dette ligg i manglande tilgang til beita i vest. Dette inneber at ferdselen både sør og nord for Aursjøen må reduserast. Å redusere ferdselen ved Torbuhalsen i nord og ikkje gjere tilsvarande tiltak ved Dalsida i sør vil ikkje ha den ønska effekten.
- Tiltak 19-24: Avgrense ferdsel og legge ned stigar. Faggrunnlaget viser at det er nødvendig med meir kraftfulle tiltak. Tiltaka som er skisserte her, med blant anna avgrensing av ferdselen til Snøheim, nedlegging av stigar i Stroplsjødalen og reduserte opningstider for Reinheim turisthytte, meiner fylkeskommunen vil vere nødvendige.
- Tiltak 25-32: Oppretthalde og betre trekkmoglegheiter, ivareta urørte område og trekkpassasjar. Tiltaka her omfattar mellom anna å stenge vegen inn til Sandgrovbotn for allmenn motorferdsel. Fylkeskommunen vil her støtte Rauma kommune sitt vedtak om at trafikken på Sandgrovbotnvegen må avgrensast, men at nokre grupper bør kunne køyre inn i området etter nærmare reglar: rettighetshavarar, innanbygdsbuande og verksemdar som driv med utmarksbasert næring.

Økonomiske konsekvensar

Ingen økonomiske konsekvensar ved denne uttalen. Ei meir aktiv villreinforvaltning frå fylkeskommunen si side vil kreve tilførte ressursar.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Gunn Randi Seime
ass. fylkeskommunedirektør

Vedlegg

Høringsbrev - Forslag til tiltaksplaner etter kvalitetsnormen for villrein i Knutshø, Snøhetta og Rondane villreinområder

Høringsnotat tiltaksplaner etter kvalitetsnorm for villrein i Knutshø, Snøhetta og Rondane villreinområder

Forslag til tiltaksplan for Snøhetta villreinområde